



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Innkalling : **HARDANGER UNGDOMSRÅDSMØTE**
Dato: Torsdag 28.04.2016
Stad: Ulvik - møterommet på biblioteket
Tid: 09.00 – 14.00

AGENDA:
09 00 Hardanger Ungdomsråd sakshandsaming
1100 Lunsj
1200 Inspirasjon v/ Cittalsow Ulvik
1245 Sakshandsamin HU fortset

INSPIRASJON: Cittaslow i Ulvik

- | | |
|---------------------|--|
| HU-sak 08/16 | Uttale til Høyringsnotat om råd i kommune og fylkeskommune for ungdom, eldre og personar med funksjonsnedsetjing |
| HU-sak 09/16 | Aktuelle saker:
NTP (Nasjonal Transport Plan) 2018-2029, Departement
RTP (Regional Transport Plan) 2018-2029, Fylke |
| HU-sak 10/16 | Aktivitetshelga 2016 |
| HU-sak 11/16 | Hardanger Ungdomsting 2016 |
| HU-sak 12/16 | Orienteringssaker <ul style="list-style-type: none">• HU på fylkestinget• Hardanger.com• Ungt Entreprenørskap |
| HU-sak 13/16 | Informasjon om arbeid frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger. |

Forfall må meldast:
Hardangerrådet v/Trude Lægreid Rinaldo
tlf 53 67 14 50
mail: trude@hardangerraadet.no
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Hardangerrådet / Kinsarvik 21.4.2016

Trude Lægreid Rinaldo
Konsulent Hardangerrådet

HU-sak 08/16

**Uttale til Høyringsnotat om råd i kommune og fylkeskommune
for ungdom, eldre og personar med funksjonsnedsetjing**

Vedlegg: Høyringsnotatet

Saka

Målet med Ungdomsråd var meir politisk engasjement. Dette har i dag teke form, men Ungdomsråda manglar eit klart mandat og ei sterk formalisering.

Born sin rett til å uttala seg og verta høyrd er heimla i FN-konvensjonen om barnerett

Lovforslag

I kommunelova (lov 25. september 1992 nr. 107) skal ny § 10 b lyde:

§ 10 b Råd for ungdom, eldre og personer med funksjonsnedsettelse

Kommunestyret og fylkestinget skal selv velge eldreråd og råd for personer med funksjonsnedsettelse.

Kommunestyret eller fylkestinget bestemmer selv om det skal etableres et ungdomsråd med en valgperiode på inntil to år.

Rådene er **rådgivende organer** for kommunen og fylkeskommunen og har rett til å uttale seg i saker som gjelder ungdom, eldre og personer med funksjonsnedsettelse.

Departementet gir forskrifter om oppgaver, organisering og saksbehandling for råda.

Til vurdering:

- a) «Når det gjeld ungdomsråd, foreslår ikkje departementet å innføre ei obligatorisk ordning, men ønsker å føre dagens frivillige organisering av ungdomsråd og andre former for ungdomsmedverknad vidare.»
- b) «Nemninga "ungdomsråd" i forslaget til ny lovforesegn er meint å fange opp ulike typar faste, formaliserte medverknadsordningar for ungdom»
- c) «Sjølv om departementet ikkje ønsker å foreslå ei obligatorisk ordning med ungdomsråd, er det viktig å ha reglar for korleis ei slik ordning skal organiserast, dersom ein kommune innfører eller fører vidare denne ordninga.»
- d) «Kommunar og fylkeskommunar har eit særlig ansvar for å lage eit reglement for ungdomsmedverknad som er tilpassa denne gruppa, slik at det er lett å forstå kva som krevst ifølgje lov og forskrifter. Ei god sekretariatsordning er viktig for å nå dette målet»

Høyringsnotat ang forslag om «ny bestemmelse i kommuneloven § 10B».

I høyringsnotatet foreslår kommunal-moderniserings departementet at eldre og personar med funksjonsnedsetting fortsatt skal ha lovfestet rett til medverknad, medan tilsvarende lovfesta ordning for ungdom skal være frivillig.

Framlegg til vedtak: Hardanger Ungdomsråd har slik Uttale

Hardanger Ungdomsråd meiner det er viktig at ungdoms rett til medverknad tas alvorleg. Ungdom under 18 år har ikkje stemmerett ved val, og det er derfor særskilt viktig at dei stemme vert høyrd gjennom andre ordningar. Ungdom engasjerer seg, men har ofte ikkje funne «sitt» parti enda, dei er oppteken av andre sakar enn vaksne og dei har rett til å verta høyrd. Utan lovfesting vil det verta vanskeleg å sikre at alle får like moglegheiter.

Hardanger Ungdomsråd meiner det er viktig og etterlengta med eit felles reglement for kommunane når dei organiserer ungdomsråd/ungdommens kommunestyre. Dette sikrar like vilkår for alle. For at ungdom sin rett til medverknad skal sikrast, må dette lovfestast. Me kan ikkje sjå at det skal være viktigare å lovfeste eldre sin medverknad meir enn ungdom.

Hardanger Ungdomsråd støtter derfor ikkje kommunal-moderniserings departementet sitt framlegg til kommuneloven §10B.

HU-sak 09/16**Aktuelle saker:**

**NTP (Nasjonal Transport Plan) 2018-2029, Departement
RTP (Regional Transport Plan) 2018-2029, Fylke**

Vedlegg: Presentasjon av Vegdirektøren om NTP 2018-2029

Kva inneheld ein i ein slik plan:

Veg, bane og båt

Nye veg prosjekt, Rassikring, Nasjonale Turistvegar

Miljø, bærekraft og teknologisk utvikling

Er samferdsel interessant?

Kvífor er samferdsel så viktig?

HU-sak 10/16**Aktivitetshelga 2016**

Timo Knoch kjem på møtet og informerer om Aktivitetshelga 2016.

HU-sak 11/16**Hardanger Ungdomsting 2016**

I November 2016 skal det vera nytt Ungdomsting. Me må drøfta tema mm.

HU-sak 12/16**Orienteringssaker**

- **HU på fylkestinget**

Korleis var det å vera på fylkestinget?

- **Hardanger.com**

Hardanger har laga ei ny nettside. Kva tenker ungdomsrådet om den. Er det noko de saknar eller tenkjer skulle vera annaleis?.

www.hardanger.com

- **Ungt Entreprenørskap**

Kva erfaringar har de med Ungt Entreprenørskap i Hardanger.
Er det noko de vil endra på?

HU-sak 13/16**Informasjon om arbeid frå den einskilde**

kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger